



Sjur Kristoffer Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 274a
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8293 - 23/12746

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
15.02.2023

Uttale om matrikuleringsplikt - Gbnr 247/1 m.fl. Dyrkolbotn

Viser til motteke spørsmål om matrikuleringsplikt for inntaksdam og røyrgate.

Kommunen kan ikkje sjå at etablering av inntaksdam og røyrgate for vasstiltførsel til minikraftverk er matrikuleringspliktig.

Røyra skal gravast ned og grunneigar kan med det framleis drive landbruk på arealet. I saksutgreiing til vedtak om konsesjon til Nipo kraft AS for leige av fallrettar vart det vurdert at saka ikkje trong handsamast etter §§ 9 og 12 i jordlova. Ut frå dette finn kommunen at forholdet ikkje er i strid med jordlova § 12.

Kommunen vurderer tiltaket oppfyller vilkår for unntak frå krav om matrikulering sett i matrikkelforskrifta § 30 andre ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 274a

5994

VIKANES